

Referat frå møte i Lykling sokneråd

Onsdag 28.08.2019 kl.19.00

Møtestad: Heime hos Torunn

Til stades: Fridleif Lydersen, Torunn Tveita, Sissel S. Gåsland, Hildegunn Sortland Våge, Alfhild Hestenes og Margunn Ersland

Opningsord ved Torunn frå boka «God nok» av Heidi Gelein, stykket «Sliten»

Sak 40-19: Godkjenning av referat og innkalling

- Godkjent

Sak 41-19: Meldingar og skriv

- Skriv frå Trygve om valet. Lykling sokneråd må stilla to vakter til førehandsrøysting på kommunehuset tysdag 27. 08. og tysdag 03.09. frå kl. 15.00 til 18.00.

Sak 42-19: Soknerådsvalet. Oppgåver for soknerådet: Kurs og oppgåver i høve førehandsvalet og på valdagaane.

- For førehandsvalet sjå tidspunkt for oss under sak 41. Torunn og Margunn stilte tysdag 27.08. Margunn stiller og tysdag 03.09., men må få einkvan med seg då Torunn og Hildegunn er opptekne.
- Kurs for valfunksjonærar vert på kommunehuset torsdag 05.09.kl. 17.00
Torunn og Hildegunn møter (Margunn bortreist)
- Valet vert elles: **Sundag 08.09. kl.13.00 – 18.00**
Måndag 09.09. kl.10.00 – 21.00
- **Sundag:** Margunn stiller heile dagen Sissel og Elisabeth deler dagen mellom seg.
- **Måndag:** Hildegunn og Margunn sit frå kl. 10.00 – 17.00
Torunn og Elisabeth sit frå kl. 17.00 – 21.00
Sissel evt. frå kl. 10.00 – 17.00 (avløyser)

Sak 43-19: Kanaldagsgudstenesta. Våre oppgåver.

- NB! Hugs Vippsnr. til kyrkja på foldarane til gudstenesta.
- **Alt MÅ vera i orden før me kjem. Soknerådet har ikkje folk som kan ta ansvar for det i år.**
- Skal prosten bli rodd slik som før, eller skal han koma på hest sidan det er countrypreg på gudstenesta?

Sak 44-19: Temakveldane i haust. Annonsering, omtale og evt. oppgåver.

- «Prest mot alle odds» - Marit Isaksen Espedalen 05.09.
- «Pilegrimen» -Olav Mæland 03.10.
- «Potetpresten på Finnås» - Ola Ersland 07.11.
- Fridleif skriv omtale og spør Roald om annonsering.
- Fridleif tek ansvar for kaffi og litt å bita i. Spør evt. om litt hjelp.

Sak 45-19: Datoar for kyrkjekaffi i haust.

- **15.september – konfirmantpresentasjon**
- **27.oktober - TruD4 - utdeling av kyrkjebok til 4.åringane**
- **10. november – «Lys vaken»**

Sak 46-19: Ymse

- Flytting av konfirmantgudstenesta og konfirmantfesten **kan gjerne prøvast ut. Gudsteneste kl. 11.00 med festen rett etterpå.**
- Det trengst hjelp til Kimen og konfirmantopplegget laurdag 14.09. Då skal dei ut med dykkarklubben, ca. mellom 14.00 og kl. 18.00. Det bør vera to som kan vera med. Beate har sagt ja. *Torunn skaffar ein person til.*
- Mykje skryt til arbeidet som er gjort på kyrkjegarden – og måten dei har ordna til t.d. under gravferder.

Me avslutta med god kveldsmat, der me mellom anna snakka saman om framtida for Lykling kyrkje.

Neste møte 02.10. 2019 kl. 19.00

Sakseid 02.09.2019

Margunn Ersland, sekretær

